

# PARTNARSKAPSAVTALE

Lokal kompetanseutvikling

Mellom

Kompetanseregion NordR

og

Høgskulen på Vestlandet - Fakultet for  
lærerutdanning, kultur og idrett



## 1. BAKGRUNN FOR AVTALEN

Lokal kompetanseutvikling omfattar Regional ordning for kompetanseutvikling i barnehage, Desentralisert ordning for kompetanseutvikling i grunnskule og vidaregåande skule og Kompetanseløft for spesialpedagogikk og inkluderande praksis. Lokal kompetanseutvikling skal bidra til å auke kompetansen og kvaliteten i barnehagar, skular, kommunar og hos universitet og høgskular. Mål for tilskotsordninga er å styrke den kollektive kompetansen i barnehagar og skular ut frå lokale behov, gjennom partnerskap med universitet eller høgskule. Partnerskapa mellom høgskulen og praksisfeltet skal også bidra til å styrke lærarutdanninga

Barnehagar og skular som er involvert i ordninga skal gjennomføre barnehage- og skulebaserte kompetanseutviklingstiltak som fremmer kollektiv utvikling. Tiltaka skal vere forankra i barnehagane og skulane sine egne behov, identifisert gjennom lokale prosessar som involverer dei tilsette i kvar eining.

Bakgrunn for tilskotsordninga er Meld.St.19 (2015–2016) Tid for lek og læring – Bedre innhold i barnehagen, Meld.St.21 (2016–2017) Lærelyst – tidlig innsats og kvalitet i skolen, Kompetanse for fremtidens barnehage – revidert strategi (2023-2025) og Meld.St.6 Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO. Ordningane vart forskriftsfesta med verknad frå januar 2021.

## 2. PARTANE SITT ANSVAR:

### *Samarbeidsforum NordR*

Samarbeidsforum NordR er regionens øvste organ, som samarbeider om prosessar og prioriteringar på vegne av heile regionen. Dette gjeld til dømes innstilling av behov for tiltak som sendast samarbeidsforum for Rogaland.

Samarbeidsforum NordR består av: Kommunalsjef Vindafjord, Kommunalsjef Utsira, Kommunalsjef Bokn, Kommunalsjef Suldal, Kommunalsjef Sauda, Barnehagesjef Tysvær, Barnehagesjef Haugesund, Barnehagesjef Karmøy, Skulesjef Tysvær, Skolesjef Haugesund, Skolesjef Karmøy, HVL, PPT, PBL, Privatskolenettverk og fagforeningar.

Alle deltakarar har anledning til å sende ein stadfortredar ved fråfall, som då vil ha stemmerett. I tillegg har alle deltakarar anledning til å ha med ein observatør, men denne vil ikkje ha stemmerett. Kompetanseretleiarar og sekretær deltar i samarbeidsforum NordR som observatørar utan stemmerett.

Samarbeidsforum NordR konstituerer sjølv leiar, nestleiar og sekretær.



### *Barnehage - og skuleeigar*

Barnehage- og skuleeigar har det overordn-a ansvar for kvalitetsutvikling. Barnehage- og skuleeigar melder inn sine behov for kompetanseutvikling til kompetanseregionen, som igjen sender behova i prioritert rekkefølge til samarbeidsforum. Prioriteringane skal byggje på tilstandsvurderingar og analyser slik at dei tilsette sjølve er med å definerer og prioriterer den kompetanseutviklinga dei treng. (I tillegg skal konkrete arbeidsplassbaserte utviklingsopplegg utformast i ein dialog mellom eigar og UH. Kompetansehevinga skal skje i kollektive prosessar og den skal vere arbeidsplassbasert. Dette betyr at utviklingsarbeidet må involvere og femne om heile kollegiet, eller det som er naturlege einingar i skulen og barnehagen, til dømes ei avdeling, eller eit trinn).

Eigar skal som mottakar av tilskot i samarbeid med høgskulen rapportere årleg til statsforvaltaren om kva tiltak som er gjennomført, korleis midlane er brukt og ei vurdering av måloppnåing, jf. Pkt. 2 i retningslinjer for tilskotsordning. Samarbeidsforum Nord R har egne prosedyrar for gjennomføring av rapportering.

### *Høgskulen*

Høgskulen på Vestlandet skal delta i samarbeidsforum Rogaland og samarbeidsforum Nord R, og som utviklingspartner samarbeide med eigar om å vurdere kompetansebehov, planlegge og gjennomføre tiltak i barnehagar og skular. For kvart tiltak vil det saman med einingsleiar ((rektor/styrrar/dagleg leiar) bli utarbeida ein plan for utviklingsarbeidet. HVL skal legge til rette for at erfaringane frå partnerskapet skal styrke lærarutdanningane.

Høgskulen på Vestlandet skal i samarbeid med eigar rapportere årleg til statsforvaltaren om kva tiltak som er gjennomført, korleis midlane er brukt og ei vurdering av måloppnåing, jf. Pkt. 2 i retningslinjer for tilskotsordning. Samarbeidsforum Nord R har egne prosedyrar for gjennomføring av rapportering.

### *Statsforvaltaren*

Statsforvaltaren har ansvaret for forvaltning av tilskotsordninga i sitt embete, og fattar vedtak og tildeler midlar til tilskotsmottakarane i tråd med samarbeidsforumets innstilling. Statsforvaltaren skal



stimulera til utvikling av partnerskap og langsiktig arbeid i lokale nettverk for kompetanseutvikling samt følgja opp kvaliteten i utviklingsarbeidet.

### **3. VARIGHEIT**

Partnerskapet skal vera likeverdig, forutsigbart og langsiktig. Denne avtalen gjeld frå den dato den er underskriven og fram til den vert sagt opp. Partnerskapen kan i samarbeid justere planane undervegs.

### **4. ØKONOMI**

Statsforvaltaren forvaltar midlane i ordninga. Barnehage- og skuleeigar gjer sjølv avtale med eininga om dei ressursane som vert stilt til rådighet for utviklingsarbeidet. Kompetansetiltaka i tilskotsordninga bør sjåast i samanheng, i tråd med retningslinjene.

Høgskulen dekkjer sjølv utgifter til løn av eige personale og eventuelle andre høgskulen vil nytta i kompetanseutviklinga. Storleiken på vedtak frå Statsforvaltaren gjev føringar for HVL sitt samarbeidet med eininga.

Dersom partane ser det som føremålstenleg å innhente kompetanse frå anna UH-miljø, ved til dømes mangel på kapasitet/kompetanse eller ynskje om særskild spisskompetanse, kan dette løysast gjennom ein tredjepartsavtale mellom HVL og anna kompetansmiljø.

Andre førespurnader som ikkje er ein del av opsett plan, må avklarast i kvart einskild tilfelle. Tiltak som ikkje er ein del av plan for barnehage- og skulebasert kompetanseutvikling, der HVL bidrar, vil fakturerast, og må finansierast utanom dei tildelte midlane for tilskotsordninga.

### **5. ØVRIGE PLIKTER**

Partane kan krevje midlertidig stans/utsetjing av heile, eller deler av avtalen dersom det oppstår forhold som vesentleg endrar forutsetningane for samarbeidet. Ein skal då erstatte den andre part sine



dokumenterte kostnader. Avtalen kan seiast opp av begge partar med tre månaders varsel. Opphøyr skal skje slik at samarbeidet får ei hensiktsmessig avslutning av planlagt aktivitet.

## **6. EVALUERING**

Kompetanseregionen og Høgskulen på Vestlandet har jamlege møtepunkt. Desse møta kjem i tillegg til samarbeidet mellom einingane og HVL sine utviklingspartnarar.

HVL og kompetanse- og utviklingsretteiarar for skule og barnehage skal samarbeide om å evaluere kompetansetiltaka og vurdere måloppnåing, jf forskrift for tilskotsordning for lokal kompetanseutvikling, pkt. 4.

## **7. TVIST**

Ved tvist skal partane søkje semje innan 14 dagar etter tvisten oppstår. Dersom partane ikkje maktar dette skal høgskulen ved dekan/prodekan ved fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett og eigar drøfta seg fram til løysing.

## **8. TEIEPLIKT**

Avtalen presiserer med dette at deltakarar i ordninga skal retta seg etter dei lover og reglar som er gjort gjeldande til ei kvar tid for tilsette. Dette gjeld blant anna med omsyn til teieplikt og etikk.

## **9. OPPHAVS - OG EIGEDOMSRETT**

Gjeldande opphavsrettslege reglar gjeld for alt materiell som vert utvikla i partnerskapet og som vert stilt til disposisjon. Partane har opphavsrett til eige materiale som vert utvikla med mindre anna er avtalt.

## PARTANE SINE KONTAKTPERSONAR

### Kompetanseregion NordR

Namn:	Stilling:	Kontaktinformasjon (e-post)
Nils Erik Eide	Kommunalsjef oppvekst	nils.erik.eide@vindafjord.kommune.no
Einar Solheim	Barnehagesjef	eso@karmoy.kommune.no

### Høgskulen på Vestlandet

Namn:	Stilling:	Kontaktinformasjon (e-post)
Sigurd Sandvold	Prodekan Regional utvikling, FLKI	Sigurd.sandvold@hvl.no

Avtalen er skrive ut i to eksemplar der partane beheld kvar sin part

Dato:

For Samarbeidsforum NordR Oppvekst:

-----  
Nils Erik Eide (leder)  
Kommunalsjef Oppvekst, Vindafjord

-----  
Einar Solheim (nestleder)  
Barnehagesjef Karmøy

For Høgskulen på Vestlandet:

-----  
Sigurd Sandvold, Prodekan  
Eining for regional utvikling, FLKI